



Til kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Torkel Hofseth, 5764 3083

## Handsaming og høyring av vegsaker i jord- og skogbruk.

Det er kommunane som godkjenner bygging av landbruksvegar, FOR-2015-05-28-550, altså vegar til både jordbruk og skogbruk. Statsforvaltaren er fagstyresmakt innan landbruk og miljø og har som oppgåve å rettleie kommunane i saker etter skogbrukslova og landbruksvegforskrifta, samt vere klageinstans for kommunen sine vedtak etter denne forskrifta.

I føremålsparagrafen til landbruksvegforskrifta står det at

*«planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal samstundes leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som vert rørt av vegframføringa».*

For å få ei forsvarleg handsaming av landbruksvegsaker må kommunane sjølve ha, eller skaffe seg, tilstrekkeleg fagkompetanse på landbruksvegbygging og skogbruk. Kommunane må også ha kompetanse på miljø og naturmangfald, og denne type saker skal som kjent også vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8 - 12.

Vi vil også poengtere at kommunane sit på eit viktig ansvar for næringsutvikling i landbruket, ikkje minst i skogbruket. Eigedomane er små og skogtradisjonen og -kunnskapen låg. Vurdering av behov, til dømes hovudplan for skogsvegar, initiativ til skogeigarsamarbeid og hjelp til planlegginga har tradisjonelt vore utført av kommunane sjølve.

Vurderinga av økonomi, samarbeidsløysingar og planlegging av sjølve vegtraséen kan vere krevjande. Mykje av den overordna skogsvegplanlegginga vert difor i hovudsak utført av profesjonelle skogsvegplanleggarar finansierte gjennom tilskotsmidlane kommunane har til skogsvegar.

Naturmangfald og miljøverdiar er også viktig ved planlegging og bygging landbruksvegar, og det aukande kunnskapsgrunnlaget om naturførekomstar og kartløysingar skjerpar krava til sakshandsaminga.

Statsforvaltaren gjev gjerne råd og rettleiing innan landbruksvegfaglege så vel som tilhøyrande miljøfaglege problemstillingar. Vi ønskjer å styrka rettleiinga vår i landbruksvegsaker, om regelverket og det kunnskapsgrunnlaget som bør vere med i handsaminga av desse sakene.



På denne bakgrunn minner vi difor om at vi etter §3-1 skal ha høve til å uttale oss ved alle søknadar om bilvegar. Vi vil gjerne også få tilsendt andre vegsaker enn bilvegar på slik høyring.

Vi har oppretta ei temaside med regelverk og generelle føringar som vi skal oppdatere og forbetre fortløpande. <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/skogbruk/landbruksvegar/>  
Ta gjerne kontakt viss det er tema eller problemstillingar de ynskjer å ha inn på denne nettsida.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*